
Fra: bernhard.endseth.nerland@multiconsult.no
Sendt: tirsdag 18. juni 2019 09.19
Til: Postmottak Radøy
Emne: FW: Spørsmål om samsvar med arealplan - Reinseanlegg Manger
Vedlegg: 10205949-01-Vedlegg D1.pdf

From: Nerland, Bernhard Endseth
Sent: tirsdag 18. juni 2019 08.32
To: 'byggesak@radoy.kommune.no' <byggesak@radoy.kommune.no>
Cc: 'plan@radoy.kommune.no' <plan@radoy.kommune.no>; Fykse, Harald <harald.fykse@multiconsult.no>; 'stian.maroy@radoy.kommune.no' <stian.maroy@radoy.kommune.no>
Subject: Spørsmål om samsvar med arealplan - Reinseanlegg Manger

Skulle gjerne hatt uttale frå dykk om i kva grad Radøy kommune ved byggesak vurderer tiltaka nemnt nedanfor å vera i samsvar med overordna plan (KDP).

TILTAKET

Sjå vedlagt oversikt (vedlegg D-1).

Det er m.a. planlagt å etablere eit nytt reinseanlegg (RA) for kommunalt spillvatn på gnr. 44, bnr. 80, på austsida av Mangervågen. I samband med dette vert det òg ein del utskifting og vedlikehald av eksisterande anlegg og leidningsnett. Det er òg planlagt nokre nye leidningar.

VA-avdelinga i Radøy kommune vurderer arbeidet med sjøleidningar for det meste som utskifting og/eller vedlikehald, og difor som ikkje-søknadspliktig. Nokre nye sjøleidningar vert det likevel, t.d. overføringsleidning og overløpsleidning frå Selfallet til nytt RA. Tiltaket vert her i borehol, og vil ikkje påverke friområdet negativt korkje visuelt eller fysisk. Tiltaket kan ha ein positiv verknad då det er aktuelt at den store slamavskiljaren som ligg der i dag vert blenda.

Utløpsleidning og overløpsleidning frå nytt RA vert òg heilt nye, og kan ikkje verte rekna som utskifting/vedlikehald.

PLANSTATUS

Mangerspollen nord for Urhaugvegen ligg i KDP for Manger som «Friluftsområde i sjø og vassdrag». I føresegnene

§ 3.5.10 står det at «Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur- eller friluftsinnteresser er ikkje tillate, jfr plan- og bygningslova § 11-11 nr 3.»

Mangervågen er i stor grad regulert til «Hamn» i KDP. I føresegnenes § 3.2.1, 2.ledd, står det: «Det må takast omsyn til farleier, tilfrott og tilgjenge til hamner og kaier ved lokalisering av tiltak i og i nærleiken av hamneområda». I 3. ledd står det: «Området skal av omsyn til tryggleik og tilgjenge vere ope for allmenn ferdsel til ei kvar tid. Det er ikkje høve til å gjere tiltak som hindrar tilgjenge til kaiområde, jfr plan- og bygningslova § 11-10 nr 2.» Mangervågen er i tillegg eit kulturmiljø vurdert å vera i verneklasse A i kommunens kultuminneplan. Tiltak under vassoverflata vert i utgangspunktet ikkje å råke ved kjende kulturminne i området.

Hestvika og Klesvika har formåla «Friområde» (land) og «Friluftsområde» (vatn) i KDP for Manger.

Høyrrer snarleg frå dykk.

BERNHARD ENDSETH NERLAND
Arealplan og utredning, avd. Stord

(+47) 416 13 108 | bernhard.endseth.nerland@multiconsult.no
www.multiconsult.no

Multiconsult